





SASF-001.6690

I denne åsryggen vest på Voksa er det ei kalkstein-åre. I 1906 fekk Johan Gran kontrakt med grunneigarane på dette kalksteinfeltet. Det er uvisst når produsjonen starta opp, men i 1914 vart drifta overdregen til AS Voksø Kalkfelter. I 1929 til AS Vågsø Kalkverk.





SASF-001.2076



SASF-001.6676
























I eldre tid var dette Sandshamna. Mads Fransson Kjølholt dreiv handel her alt i 1635. I 1811 var det slutt på handel her. Då hadde Sandsmyr på Sande Nordre vorte handelsstad og namnet Sandshamn feste seg til denne staden.



Hilsen fra Toftesund pr. Sandshavn



Toftesundholmen, Rasmus Rønneberg på
Larsnes sto som eigar frå 1866. Han døde i
1907, men enkja dreiv det vidare fram til
1913. Då var det tre stovehus, to
sjøpakkhus, tranbrenneri og naust på
eigedomen. Det kom til
akkordforhandlingar i 1912.







5A5F-001.0411



Andreas Myklebust får skøyte på Toftesundholmen frå Karoline Rønneberg i 1913. Han tok til med sild- og fiskeforretning. I 1934 grunnla han saman med sønene Sverre, Ola, Rolf og Andreas hermetikkfabrikk en Myklebust Preserving AS. Brørne fekk skøyte i 1941 og i 1966 skøyte til Myklebust Preserving AS

SASF-001.0464





18811 — Parti fra Sandshamn.







Kolbein A. Barstad
starta
fiskeforretning
her. Her var
bustadrom for
fiskarar og
krambu. Desse
bygningane brann
i 1938. Her var ei
bygning til som
vart berga og den
vart flytta til
Toftesundholmen
og vart
hermetikkfabrikk.



Like bortanfor bygde Olav Strand frå Vanylven opp ei fiskeforretning i 1897. Denne vart overteken av H.S.Worren og sidan av sønene hans. Det vart drive både fiskeforretning og butikkhandel her. Frå 1969-90 berre butikk.



Her eit flyfoto frå 60-åra. Her ser vi også
slippen og verkstaden til Torleif Strømsnes




Her på Straumsholmen starta Mikal Pedersen Eidså med forretningsdrift, men her tok det slutt i 1920 åra. Ditlef Olsen budde i Leina og tok til med handel her i 1885 i lag med systra Nikoline. Ditlef var då berre 18 år gamal.



Sandshamn vart eit vidkjent fiskevær og var midtpunktet for vårsildefisket på Sunnmøre. Med Sivert Olsen frå Herøy tok ei stor tid til for Sandsmyr. Frå 1780 har vi pålitelege kjelder for at han dreiv handel her. Sonen Frans tok over, men det gjekk ikkje så bra. I 1865 overtok den driftige Olai Olsen frå Volda. Med han starta den livlegaste tida i Sandshamna si historie. Det vart bygt fiskarbustadar for 1200 mann og eit sjukehus. Men også han gjekk konkurs og då var det ingen handelsmann på Sandshamn.



Låna med tilhørende sjøhus fremst, Rosenlund med Storebåt-
nauset og Vaskarsteinbuda bakanfor. Rett over Låna ser vi sjukehuset og fiskar-
boligane om lag midt i bildet.





Ditlev Olsen hadde vore dreng og krambugut hos Rasmus Årsæter på Eidså og fekk hug til å drive handel for eiga rekning. Ditlev tok til med handel i Årsæter si fiskarstove på Straumsholmen i 1886 saman med systera Nicoline. Han var då 18 år. Seinare leigde han fremste delen av Storebåtnaustet på Rosenlund og dreiv handel der i fleire år. Han kjøpte så Låna og sette huset i god stand, bygde krambu, steinkai og sjøbumur av hoggen stein frå Korneliusholmen i Rovde. Han bygde ny sjøbu på muren. Han kjøpte også skeivebuda, reiv den og bygde ei større. Den vart på folkemunna kalla Rovdehorn på grunn av utsjånaden. Likeeins kjøpte han ut fleire medeigarar i Gamlebuda. Han eigde då mest heile Budaneset med tre store sjøhus. I 1919 flytta han inn i Låna. Ditlev var ein driftig forretningsmann og dreiv stort i sild og fiske i tillegg til at han dreiv butikkhandel, bakeri og trandamperi. Saman med Bernt Hide kjøpte han ishavskuta Grande. Bernt var skipper i mange år. I 1939 fekk Ditlev HM Kongens fortенestemedalje for samfunnsgagnleg arbeid.





Om lag slik såg det ut då Ditlev Olsen kjøpte eidedomen.











Om lag slik såg det ut då Ditlev var ferdig med utbygginga av Budaneset. Dette er flyfoto frå tidleg i 50-åra. I 1955 brann dei to næraste bygningane ned. Dei vart erstatta av ei større betongbygning som står der i dag.



Rosenlund. Ansgar Fiskå kjøpte denne eiegenomen i 1905. Han bygde opp sjøbuer, fiskarstover, bakeri og trandamperi. Han var ein av dei første som tok til med isafisk. Han fekk vanskar med drifta og flytte til Ålesund i 1916. Skøyte til Ole Otterlei og Andreas Longva. Dei to dreiv vidare med fiskeforretning og butikk handel.





Også her har mykje endra seg opp gjennom åra. Då det vart slutt på sildesalting vart det berre butikkdrift. Det vart bygd ny butikk på -70 talet.









5021 - Part of Sandshamn.












Jon Martin Bringsvor døde brått og uventa i 1989. Etter ei vanskeleg periode har no 2.generasjon kome godt i gang. Bedrifta har endra namn til Sandefisk AS. Drivarane har god kompetanse, pågangsmot og er risikovillige. Dei har planane klare for modernisering av bygningsmassa og utvikling av nye produkt.



Arvid Kibsgård kjøpte denne båten i 1984 og bygde den om til brønnbåt ved Longva Mek. Båten vart seld til Bjørn Våge året etterpå og fekk då namnet Brudanes.



I 1986 kjøpte Bjørn Våge ein større båt som vart ombygd i Volda. Også denne fekk namnet Brudanes.



Ny båt i 1994. Også denne fekk namnet Brudanes.



Denne kom i 2001. Den vart lengd i 2012 og kunne då laste 100 tonn. Bjørn Våge nerma seg pensjonist-alderen og selde båten til Chile i 2018.





Steinar Vorren kjøpte Fisktrans i 1986 og dreiv den til 1999. Den var framleis i drift nokre år, men vart opphoggen nokre år seinare. Båten har ei spesiell historie.

«Pol III» ved Akers Mek. i 1926. Kvalfangar heimehøyrande i Larvik. Var første norske orlogsfartøyet som kom i kamp med tyske sjøstridskrefter i Oslofjorden.



Sølvtrans vart etablert i 1986 av Ragnvald Halsebakk, Roger Halsebakk, Oddleif Vorren og Gunnar Heggholmen frå Måløy. Etter militærtjeneste tok Roger Halsebakk til å arbeide i firmaet og overtok etter kvart drifta. Han har hatt ei utruleg stayer-evne og innsikt og vore i fremste rekke når det gjeld utvikling av brønnbåtar. Han har difor lukkast med å finansiere fleire båtar og selskapet har sidan gjennomgått ei eventyrleg utvikling. Det er i dag verdens største brønnbåtrederi.







Frå dåpsseremonien av Ronja Challenger i samband med 30. års jubileet til Sølvtans. Igjen eit døme på kor viktig det er med pågangsmot og viljestyrkje.

Inntrykket vi sit att med etter denne reisa gjennom hundre år er at det ikkje har mangla på innsatsvilje og pågangsmot på Sandsøya. Då sjøen var viktigaste ferdselsåra fekk også øyane ta del i utviklinga. Det er difor leit å sjå at sentraliseringa er i ferd med å gjere livet vanskelegare for utkantane som ikkje lenger får vere med på utviklinga som går sin gang i resten av landet.

